

Oppfølgingsliste 4/2017

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

| Sak-nr | Saker som er tekne opp | Dato | Oppfølging KU | Status |
|--------|---|-------|---------------|--|
| 5/16 | FR – Innkjøp og oppfølging av kollektivtransport – oppfølging av vedtak | 26.1 | August 2017 | Vedtak: <ol style="list-style-type: none"> 1. Kontrollutvalet tek brev frå fylkesrådmannen med oppfølging av tilrådingane til vitande. 2. Kontrollutvalet vurderer punkt 2, 4 og 5 til å vere oppfølge 3. Kontrollutvalet ber om ny rapport når dei resterande punkta, 1a – 1f er ferdig oppfølge seinast 30. juni 2017. |
| 31/16 | FR – Vedlikehald og inneklima i fylkeskommunale bygg – rapport (17/617) | 31.05 | Januar 2017 | Tilråding til FT: <ol style="list-style-type: none"> 1. Rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av vedlikehald og inneklima i fylkeskommunale bygg vert teken til etterretning. 2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å: <ol style="list-style-type: none"> a. Sikre at internkontrollsystemet til fylkeskommunen er i samsvar med krav i forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular (§4), og at ansvar og oppgåver i medhald av forskrifta blir tydeleggjort. b. Sikre at det alltid blir fatta enkeltvedtak i samsvar med reglane i forvaltningslova, i saker der elevar eller foreldre, eller eit av råda eller utvala ved skulen der desse er representerte, ber om tiltak knytt til fysiske miljøtilhøve (jf. opplæringslova. § 9a-2, 4. ledd) c. Sikre at det blir etablert eit meir einsarta og formalisert avvikssystem i samband med problemstillingar knytt til vedlikehald og inneklima. 3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere dei øvrige anbefalingane i rapporten ut frå eit kost/nytteperspektiv. 4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere status på oppfølginga av forvaltningsrevisjonen og status for vidare arbeid innan utgangen av 2016. <p>Fylkestinget vedtok tilrådinga i FT-sak 12/16. Vedtaket vart sendt fylkesrådmannen med kopi til bygge- og eigedomssjef 16. juni.</p> <p>Frm har rapportert etter oppfølging. KU ber om ytterligare oppfølging, ref. sak 8/17. Vedtaket er sendt til frm.</p> |

| | | | | |
|-------|--|-------|-------------------------------------|--|
| 8/17 | FR-Vedlikehold av inneklime i fylkeskommunale bygg – oppfølging av vedtak i FT-sak 12/16 | 07.02 | Haust 2017 | <p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kontrollutvalet tek rapport frå fylkesrådmannen datert 19. januar 2017 til orientering 2. Kontrollutvalet vurderer pkt. 2 i vedtaket i FT-sak 12/16 til å vere ferdig oppfølgt 3. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen vurdere dei øvrige anbefalingane i rapporten slik fylkestinget har bedt om i pkt 3 i vedtaket i FT-sak 12/16. <p>Vedtaket sendt Frm 100217</p> |
| 12/17 | FR – Innkjøp - Prosjektplan | 28/03 | 8. september | <p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen slik den ligg føre. 2. Kontrollutvalet vedtek å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjektet utan spørjeundersøking. 3. Kontrollutvalet ber om rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon innan 8. september 2017 |
| 14/17 | Fr – Musea i Sogn og Fjordane – bestilling | 28/03 | Prosjektplan 12. mai, sjå sak 24/17 | <p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av Musea i Sogn og Fjordane etter vurdering av formål og problemstillingar i vedlagte bestilling 2. Kontrollutvalet ber kontrollsjefen sende bestillinga til Deloitte AS. <p>Bestilling sendt 4. april</p> <p>AVSLUTTA</p> |
| 19/17 | FR – Kulturminneforvaltningi Sogn og Fjordane fylkeskommune | 26/04 | 31.12.2017 | <p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga til etterretning. 2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen: <ol style="list-style-type: none"> a. Gjennomføre risikoanalyse for å kartlegge om kulturminne av regional verdi eventuelt kan stå i fare for å gå tapt. Basert på ei slik analyse kan fylkeskommunen vurdere om det er kulturminne som bør følgjast særskilt opp. b. Betre rapporteringa knytt til kulturminneforvaltninga for å sikre: <ol style="list-style-type: none"> i. Informasjon om omfanget av vesentlege oppgåver fylkeskommunen eventuelt ikkje lukkast med å gjennomføre eller strevar med å gjennomføre |

| | | | | |
|-------|---|-------|--|---|
| | | | | <ul style="list-style-type: none"> ii. Informasjon om avvik i høve til måloppnåing c. Bidra til å sikre sams praksis, kvalitet og effektiv sakshandsaming ved evaluering av eksisterande malar og rutinar. d. Utarbeide skriftlege rutinar som sikrar kvalitet i arbeidet med kulturminneforvaltninga <p>3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere status på oppfølginga til kontrollutvalet innan utgangen av 2017</p> <p>FT behandla saka same dag i FT-sak 10/17, og gjorde slikt vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> 1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga til etterretning. 2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen: <ul style="list-style-type: none"> a. Vurdere om det er naudsynt å gjennomføre risikoanalyse for å kartlegge kulturminne av regional verdi. Vurderinga vert lagt fram for fylkesutvalet som får fullmakt til å ta avgjerd. b. Bidra til å sikre sams praksis, kvalitet og effektiv sakshandsaming ved evaluering av eksisterande malar og rutinar. c. Utarbeide skriftlege rutinar som sikrar kvalitet i arbeidet med kulturminneforvaltninga 3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere status på oppfølginga til kontrollutvalet innan utgangen av 2017 |
| 20/17 | Rolla til kontrollutvala i Sogn og Fjordane og Hordaland fk i samband med samanslåing av dei to fylkeskommunane – arbeidsmøte | 08/05 | | <p>Vedtak: Det vart ikkje gjort vedtak i saka.</p> <p>Kontrollutvala la opp til ein prosess framover for å sikre at rolla til kontrollutvalet vert ivareteke ved samanslåing av dei to fylkeskommunane.</p> <p>AVSLUTTA</p> |
| 21/17 | Oppfølgingsliste 3-2017 | 30/05 | | <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> 1. Oppfølgingsliste 3-2017 vert teken til vitande <p>AVSLUTTA</p> |
| 22/17 | Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 30. mai 207 | 30/05 | | <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> 1. Orienteringar v/Fylkesrådmannen <ul style="list-style-type: none"> a. Eigarskapsak SFE AS – status <p><i>Orienteringa vart gjennomført for lukka</i></p> |

| | | | | |
|--|--|--|--|---|
| | | | | <p>dører, jf. kommunelova § 31, nr. 5 jf. offentleglova § 23 4. ledd og kommunelova § 31, nr. 2 (Teiepliktige opplysningar).</p> <p>AVSLUTTA</p> <p>2. Status forvaltningsrevisjon v/Deloitte AS</p> <p>a. Innkjøp</p> <p><i>Har kommunikasjon med innkjøp om innsamling av relevant informasjon. Det har tatt litt meir tid med å få tilsendt informasjon enn det som var lagt til grunn for framdrifta. Prosjektet er i rute.</i></p> <p>AVSLUTTA</p> <p>b. NDLA</p> <p><i>Endeleg handsaming i kontrollutvalet i Hordaland er utsett til 28. august mellom anna på grunn av eit notat frå varslarar som kontrollutvalet mottok dagen før kontrollutvalsmøtet 23. mai.</i></p> <p>AVSLUTTA</p> <p>3. Orientering om omorganisering av kommunerevisjonen i Sogn og Fjordane v/SF revisjon</p> <p><i>Utvalet fekk orientering om status for arbeidet med omorganisering av kommunerevisjonen, og plan for arbeidet framover. Orienteringa vart teken til vitande.</i></p> <p>AVSLUTTA</p> <p>4. Orientering om kompetanserekneskap v/ Paal Fosdal</p> <p><i>Erfaringane etter pilotprosjektet er gode. Fylkeskommunen vil ikkje gå vidare med integrering av kompetanseprioriteringane i den samla budsjett- og økonomiplanen no, då det ikkje er rett tidspunkt å innføre endringar på eksisterande rutinar og system utan at desse er i takt med Hordaland fylkeskommune med tanke på ei eventuell samanslåing av</i></p> |
|--|--|--|--|---|

| | | | | |
|-------|---|-------|--|--|
| | | | | <p><i>fylkeskommunane. Orienteringa vart teken til vitande.</i></p> <p>AVSLUTTA</p> <p>5. Orientering frå leiar og kontrollsjef</p> <p>a. <i>Karoline Bjerkeset orienterte etter representantskapsmøte i Trivselshagen IKS. Bassengsaka var tema, og det er framleis diskusjonar omkring ansvar for skadane og kostnadane som følgde av dette. Bassenget er reparert og er no i drift.</i></p> <p>b. <i>Kontrollsjefen orienterte etter representantskapsmøte i SF revisjon IKS. Vanlege representantskapsaker vart handsama. Det vart vedteke å tilbakebetale kr. 800 000 til eigarane.</i></p> <p>AVSLUTTA</p> <p><i>Det vert fellesmøte mellom kontrollutvala i dei fire vestlandfylka 15. – 16. januar 2018. Møtet vert i Møre og Romsdal.</i></p> <p>AVSLUTTA</p> <p><i>Orienteringane vart tekne til vitande.</i></p> |
| 23/17 | Desisjon av møtebøkene til fylkesutvalet og hovudutvala - rapport | 30/05 | | <p>Vedtak:</p> <p>1. Rapport etter gjennomgang av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2016 vert teken til etterretning.</p> <p>Saka sendt til fylkestingshandsaming. Fylkestinget handsama saka 13. juni og vedtok tilrådinga frå KU.</p> <p>AVSLUTTA</p> |
| 24/17 | FR – Musea i Sogn og Fjordane - prosjektplan | 30/05 | | <p>Vedtak:</p> <p>1. Kontrollutvalet vedtek prosjektplanen slik den ligg føre.</p> <p>Vedtaket sendt Deloitte AS 1. juni 2017</p> |
| 25/17 | Selskapskontroll 2017 - bestilling | 30/05 | | <p>Vedtak:</p> <p>1. Kontrollutvalet bestiller selskapskontroll – overordna eigarstrying i samsvar med vedlagde bestillingsdokument med eventuell endringar som kjem fram i møtet.</p> <p>2. Bestillinga vert sendt SF revisjon IKS</p> <p>Bestillinga vart sendt til SF revisjon 1. juni 17</p> |
| 26/17 | KU sin uttale til årsrekneskapen 2016 | 30/05 | | <p>Vedtak:</p> <p>1. Kontrollutvalet vedtek uttale til årsrekneskapen 2016 for Sogn og Fjordane fylkeskommune med endringa som kom fram i møtet.</p> <p>Endringa var å slette siste setning i 5. avsnitt i uttalen. Dette vart gjort og uttalen vart sendt til fylkestinget med kopi til fylkesutvalet 30. mai 2017.</p> |

| | | | | AVSLUTTA |
|-------|---|-------|-------------|---|
| 27/17 | Val av revisor for fellesnemnd i samband med samanslåing av Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune | 30.05 | | <p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Fylkestinget vel til revisor for fellesnemnda for samanslåinga av Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune, det revisjonsselskapet som er rekneskapsrevisor for den fylkeskommunen som fører prosjektrekneskaper for fellesnemnda. <p>Fylkesordførar varsla om at saka ikkje ville verte lagt fram for FT i denne omgang, då den planlagde saka om regionsreforma heller ikkje vart handsama på dette tingsetet.</p> |
| 28/17 | Selskapskontroll av VIGO IKS – invitasjon til deltaking | 30/05 | | <p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune er positiv til å delta i ein felles selskapskontroll av VIGO IKS. 2. Kontrollutvalet tek atterhald om bruk av maksimalt 50 revisjonstimar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. <p>Vedtaket er sendt til Konsek, der invitasjonen kom frå.</p> |
| 29/17 | FR – Arkiv og offentlegheit - rapport | 30/05 | Januar 2018 | <p>Vedtak:</p> <p>Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Fylkestinget tek rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av arkiv og offentlegheit til etterretning. 2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen følgje opp rapporten slik: <ol style="list-style-type: none"> a. Ferdigstille arkivplan innan 31. desember 2017 • Dette omfattar tilrådingane 2 – 8 i rapporten ii. Oppdatere og samle rutinane og retningslinene for journalføring og arkivering av ulike typar inn- og utgåande dokument. iii. Utarbeide utfyllande rutinar for registrering av organinterne dokument. iv. Utarbeidde rutinar som sikrar at journalpostar ikkje vert liggjande opne utover det som er naudsynt for sakshandsaminga. v. Syte for at alle journaleiningane i fylkeskommunen vert inkludert i postlista. vi. Gjennomgå rutinane for førehandsklassifisering, og sikre at desse er i samsvar med krava i regelverket. vii. Vurdere tiltak for å sikre at dokument som vert unntatt offentlegheit vert påført fullstendig lovbestemt teiepliktsheimel, slik at det er klårt kva som er den faktiske årsaka til at dei er unntatt offentlegheit. |

| | | | | |
|--|--|--|--|--|
| | | | | <p>viii. Utarbeide rutinar for handsaming av innsynskrav i saksdokument. Rutinane bør omfatte prinsippa om meirinnsyn, og dei bør gjerast kjende blant dei tilsette.</p> <p>b. Ferdigstille rutinar og retningsliner for skjerming, innsyn og lukking av politiske møte innan 31. desember 2017</p> <ul style="list-style-type: none"> • Dette omfattar tilrådingane 6 – 9 i rapporten <p>vi. Gjennomgå rutinane for førehandsklassifisering, og sikre at desse er i samsvar med krava i regelverket.</p> <p>vii. Vurdere tiltak for å sikre at dokument som vert unntatt offentlegheit vert påført fullstendig lovbestemt teiepliktsheimel, slik at det er klårt kva som er den faktiske årsaka til at dei er unntatt offentlegheit.</p> <p>viii. Utarbeide rutinar for handsaming av innsynskrav i saksdokument. Rutinane bør omfatte prinsippa om meirinnsyn, og dei bør gjerast kjende blant dei tilsette.</p> <p>ix. Vurdere tiltak for å sikre at reglane og prosedyrane for lukking av politiske møte vert utfyllande og tydelege, samt gjort kjende blant dei folkevalde, t.d. gjennom tilbod om ytterlegare opplæring.</p> <p>d. Få på plass rutinar for opplæring av tilsette og politikarar innan 31. desember 2017. Gjennomføring av opplæring vert ein kontinuerleg prosess.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Dette omfattar tilrådingane 1, 9 og 10 <p>i. Sikre at oppdatering og ajourføring av arkivplanen vert gjennomført, og at denne vert utforma i samsvar krava etter arkivforskrifta.</p> <p>ix. Vurdere tiltak for å sikre at reglane og prosedyrane for lukking av politiske møte vert utfyllande og tydelege, samt gjort kjende blant dei folkevalde, t.d. gjennom tilbod om ytterlegare opplæring.</p> <p>x. Sikre at dei tilsette mottar tilstrekkeleg opplæring i tema knytt til journalføring, arkivering og offentlegheit, og informere om kvar ein kan finne gjeldande rutinar og retningsliner</p> <p>3. Fylkesrådmannen rapporterer til kontrollutvalet gjennomføringa av dei tre hovudpunkta i etterkant av datoane for ferdigstilling av det enkelte hovudpunkt.</p> |
|--|--|--|--|--|

| | | | | |
|--|--|--|--|---|
| | | | | Saka vart handsama 13. juni av fylkestinget, som vedtok tilrådinga frå kontrollutvalet. |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |

Oppdatert 8. august 2017